

	<b>Oppnemning av koordinator</b>		<b>Dokument-id: D16793</b>							
			<b>Prosedyre</b>							
<b>Organisasjon</b> Avvik, tilsyn og brukarrettar Brukarrettar/klage	<b>Utarbeidd av</b> Koordinator Martin Roland Hansen		<b>Godkjent av</b> Fagdirektør Hans Johan Breidablik		<b>EK-ansvarleg</b> Hansen, Martin Roland					
					<table border="1"> <thead> <tr> <th>Versjon</th> <th>Gyldig frå</th> <th>Rev. innan</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>4.00</td> <td>05.10.2016</td> <td>05.10.2018</td> </tr> </tbody> </table>	Versjon	Gyldig frå	Rev. innan	4.00	05.10.2016
Versjon	Gyldig frå	Rev. innan								
4.00	05.10.2016	05.10.2018								

## 1 Føremål

Føremålet med prosedyren er å sikre at pasientar med behov for komplekse, eller langvarige og koordinerte tenester, som ønskjer det, får oppnemnt ein koordinator i spesialisthelsetenesta. Dette skal skje i samsvar med krav i regelverket. Jfr. [Rundskriv IS-5/2013 Spesialisthelsetjenesteloven med kommentarer](#) og [Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\)](#).

## 2 Omfang

Prosedyren gjeld for behandlande helsepersonell i alle einingar i organisasjonen, både dag-, døgn-, poliklinisk og ambulant behandling.

## 3 Avklaring av omgrep

### 3.1 Koordinator i spesialisthelsetenesta

Behandlande helsepersonell i spesialisthelsetenesta som har fått tildelt rolle som koordinator etter pkt. 4.1 i denne prosedyren. Tilbod om koordinator skal gjevast uavhengig av om pasienten har behov for, eller ønskjer, individuell plan.

Koordinator skal vere helsepersonell (eininga må vurdere kva for helsepersonell som er best eigna til å ivareta funksjonen i kvart enkelt tilfelle/for ulike pasientgrupper). [Lov om spesialisthelsetjenesten \(spesialisthelsetjenesteloven\)](#), [Veileder om rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator](#).

For behandling innan psykisk helsevern er psykolog i mange samanhengar likestilt med lege, sjå [Psykisk helsevernloven § 1-4. Den faglig ansvarlige for vedtak](#) og [Psykisk helsevernforskriften § 4 Krav til bemanning](#) og [Psykisk helsevernforskriften § 5 Faglig ansvarlig](#).

Forsvarlegheitskravet vil setje avgrensingar for kva slags helsepersonell som kan ivareta denne funksjonen.

Jfr. [Lov om spesialisthelsetjenesten \(spesialisthelsetjenesteloven\)](#) og [Rundskriv IS-5/2013 Spesialisthelsetjenesteloven med kommentarer](#).

### 3.2 Komplekse eller langvarige og koordinerte tenester

- Komplekse: inneber at pasienten har behov for tenester frå fleire behandlingseiningar, frå ulike avdelingar i ei behandlingseining, og frå fleire profesjonar.
- Langvarige: Ei viss tidslengde, men ikkje noko minstetid. Vurderast i samheng med pkt c.
- Koordinerte: To eller fleire tenester der det er behov for koordinering.
- Omgrepa bør tolkast slik at ein fangar opp dei pasientane som har eit reelt behov for ein koordinator i spesialisthelsetenesta.

Viser til: [Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator](#) og [Prop. 91 L 2010-2011 \(forarbeid til helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)

## 4 Oppgåver og ansvar

### 4.1 Om oppnemning av koordinator

- a. Oppnemning av koordinator må vurderast når pasienten har behov for komplekse, eller langvarige og koordinerte tenester.
- b. Koordinator kan ikkje oppnemnast utan samtykkje<sup>1</sup> frå pasienten, eller den som kan samtykkje på vegne av pasienten. Dette avklarast av helsepersonellet, som har avdekka behovet, eller av behandlingsansvarleg lege.
- c. Det helsepersonellet som avdekkar behovet, har ansvar for å melde frå til einingsleiar om dette.
- d. Einingsleiar har ansvar for oppnemning av koordinator.
- e. For umyndige, eller pasientar utan samtykkjekompetanse, skal det innhentast samtykkje frå den som har rett til å samtykkje på vegne av pasienten. [Lov om pasient- og brukerreteigheter \(pasient- og brukerreteighetsloven\)](#), kapittel 4, regulerar dette.
- f. Når oppnemning av koordinator har skjedd, skal dette så snart som mogleg gjerast kjent for pasienten/pårørande og koordinerande eining i pasienten si heimkommune. Oversikt over kven som ivaretek funksjonen som [Koordinerande einingar i Sogn og Fjordane](#), finst på nettsida til Koordinerande eining i Helse Førde.
- g. Einingsleiar har ansvar for at det vert formidla kva for rolle og oppgåver koordinator skal ivareta overfor pasienten, påørande og andre tenesteyterar (eininga må eventuelt utforme interne rutinar).
- h. Einingsleiar har ansvar for at det vert ført notat i pasientjournal om at koordinator er oppnemnt.
- i. Namn, tittel og telefonnummer til koordinator skal dokumenterast i pasientjournal. (DIPS: *F5-bildet, «Roller overfor pasient»*). Her skal det også registrerast om pasienten er informert om at det er tildelt koordinator.
- j. Dersom pasienten skal overførast til ei anna eining, må den kliniske eininga som har hovudansvar for utgreiing og behandling av grunntilstand/liding, vurdere om det er naudsynt å oppnemne ny koordinator (jamfør eventuell intern rutine for eininga). Dette må drøftast med den eininga pasienten skal overførast til.
- k. For pasientar med gjentekne innleggingar, bør det ved oppnemning av koordinator i størst mogleg grad leggast opp til at pasienten får den same koordinator ved kvart opphald, jfr [Lov om spesialisthelsetjenesten \(spesialisthelsetjenesteloven\)](#).

### 4.2 Rollen som koordinator i spesialisthelsetenesta

<sup>1</sup> Her er det tilstrekkeleg at ansvarleg helsepersonell dokumenterast i pasienten sin journal, at pasienten er informert og har samtykka til oppnemning av koordinator/kontaktperson.

- a. Koordinator skal sørge for naudsynt samordning av spesialisthelsetenesta før, under og etter innlegging i institusjon, til dømes ved polikliniske forundersøkingar, ved oppfølging og etterbehandling.
- b. Koordinator skal samhandle med kommunal koordinator ved behov, og har plikt til å samarbeide med andre tenesteytarar når det er naudsynt, for å sikre vidare oppfølging etter utskriving.
- c. Koordinatoransvaret skal utøvast i tett samarbeid med eventuell kontaktlege/-psykolog eller behandlingsansvarleg lege og andre som inngår i behandling (t.d. tverrprofesjonelle team).

**d. Forholdet mellom kontaktlege og koordinator**

Kontaktlegen si rolle er å vere pasienten sin medisinskfaglege kontakt. Førespurnad og kontakt med anna helsepersonell som er av medisinskfagleg karakter handterast som hovudregel av kontaktlegen, medan praktisk tilrettelegging og samordning av ulike tenestetilbod skal utførast av koordinator. Kontaktlegen kan delegere oppgåver til koordinator der det er forsvarleg og føremålstenleg, og avklart med koordinator.

Kontaktlegen er til dømes i dialog med fastlegen i medisinske spørsmål, medan koordinator er i dialog med koordinator i kommunen om praktiske spørsmål og med andre tenesteytarar, etatar og institusjonar om tilhøve der det er aktuelt å samordne tenester. Sjå [Kontaktlege/-psykolog i spesialisthelsetenesta](#).

- e. Dersom pasienten har behov for langvarige og koordinerte tenester, skal koordinator undersøke om pasienten har behov for individuell plan, samt informere pasient/pårørande om retten til og føremålet med planen.
- f. Dersom vedkomande har individuell plan, kan koordinator i spesialisthelsetenesta ta direkte kontakt med pasienten sin koordinator i kommunen.
- g. Koordinator har ansvar for å medverke til framdrift i arbeidet med individuell plan i den perioden pasienten er innlagt i spesialisthelsetenesta.
- h. Dersom pasienten har behov, og ønskjer, ein individuell plan, som omfattar tenester frå både spesialisthelsetenesta og kommunen si helse- og omsorgsteneste, eller berre ønskjer ein koordinator, skal koordinator snarast mogleg varsle den koordinerande eininga for habilitering og rehabilitering i pasienten si heimkommune. Opprett nytt dokument i DIPS, velg brevmalen «Brev om pasient», og sett inn frasen «Melding om ynskje om koordinator i kommunen». Frasekode: b-koordinator. Viser også til [Samhandlingsbarometeret](#) – Delavtale koordinerte tenester, punkt 4 og 6.
- i. Ved behov, skal koordinator frå spesialisthelsetenesta bistå kommunen sin koordinator i arbeidet med individuell plan, og medverke med naudsynt dokumentasjon av helsetilstand og funksjonsnivå. Dette er særleg viktig ved endringar av helsetilstanden.
- j. Koordinator har ansvar for å følgje opp innspel frå pasient og pårørande, og medverke til ein prosess som sikrar brukarmedverknad og god dialog.

### 4.3 Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering i spesialisthelsetenesta

Helseføretaket skal ha ei koordinerande eining for habilitering og rehabilitering, jfr [Lov om spesialisthelsetjenesten \(spesialisthelsetjenesteloven\)](#). Koordinerande eining i Helse Førde HF er organisatorisk plassert i Lærings- og meistringssenteret i Medisinsk klinikk, og

- har eit overordna ansvar for opplæring og rettleiing av koordinator.
- kan kontaktast av den einkilde eining, dersom det er behov for opplæring, rettleiing, oppdatering, eller erfaringsutveksling knytt til koordinatorfunksjonen og/eller individuelle planar.
- skal arrangere Dialogforum for koordinatorar, som ein del av opplæringsansvaret.

## 5 Ikkje klagerett

Koordinator er ikkje ein pasientrett etter Lov om pasient- og brukerrettigheter kap. 2. Vedtak om oppnemning av koordinator vert heller ikkje rekna som enkeltvedtak. Klageadgangen etter pasient- og brukerrettighetsloven omfattar ikkje oppnemning av koordinator. Jfr. [Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\)](#).

## 6 Tvisteløysing

Ved usemje som gjer at pasienten ikkje får utpeika koordinator, kan det takast kontakt med Koordinerande eining, Lærings- og meistringssenteret, i Helse Førde HF, for bistand til løysing (jfr Koordinerande eining sitt ansvar for rettleiing).

## 7 Referansar

### Interne referansar:

<a href="#">ORG-AVVIK.02-14</a>	Prosedyre for individuell plan
<a href="#">ORG-AVVIK.02-15</a>	Mal for Individuell plan
<a href="#">ORG-AVVIK.02-16</a>	Rettleiar til Individuell plan
<a href="#">ORG-AVVIK.02-17</a>	Evalueringskjema ved gjennomgang av individuell plan
<a href="#">ORG-AVVIK.02-19</a>	Kontaktlege/-psykolog i spesialisthelsetenesta
<a href="#">ORG-SAMH.04-3</a>	Individuell plan og oppnemning av koordinator
<a href="#">DRFT-KLIN.04.LMS-4</a>	Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering i Helse Førde HF

### Eksterne referansar:

[Forskrift om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern m.m. \(psykisk helsevernforskriften\)](#)  
[Psykisk helsevernforskriften § 4 Krav til bemanning](#)  
[Psykisk helsevernforskriften § 5 Faglig ansvarlig](#)  
[Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator](#)  
[Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern \(psykisk helsevernloven\)](#)  
[Psykisk helsevernloven § 1-4. Den faglig ansvarlige for vedtak](#)  
[Lov om helsepersonell m.v. \(helsepersonelloven\)](#)  
[Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)  
[Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\)](#)  
[Lov om spesialisthelsetjenesten \(spesialisthelsetjenesteloven\)](#)  
[Veileder om rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator](#)  
[Rundskriv IS-5/2013 Spesialisthelsetjenesteloven med kommentarer](#)  
[Koordinerande einingar i Sogn og Fjordane](#)  
[Prop. 91 L 2010-2011 \(forarbeid til helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)  
[Samhandlingsbarometeret](#)